



Protokoll frå representantskapsmøte 2018

Møtet vart halde onsdag 14. mars kl. 10-16.30, på Riksscenen i Oslo

Møtet vart opna av leiar i Rådet for folkemusikk og folkedans, Ole Aastad Bråthen.

Sak 1 Godkjenning av innkalling

Rådsleiaren opplyste om at innkallinga til representantskapsmøtet vart sendt ut innan fristane i vedtekten, og bad om at møtet godkjende innkallinga.

Vedtak: Innkallinga blei godkjent.

Sak 2 Val av ordstyrar, referent og ettersynsfolk

Rådsleiaren presenterte Rådet si innstilling til konstituering av møtet. Representantskapsmøtet slutta seg til denne.

Vedtak: Mette Vårdal blei valt som ordstyrar.
Eli Ulvestad blei valt som referent.
Linda Dyrnes og Terje Foshaug blei valt til skrive under protokollen.

Sak 3 Godkjenning av sakliste

Ordstyraren tok over møteleiinga. Ho presenterte Rådet sitt forslag til sakliste, med forslag om å legge til val av valnemnd til å førebu val av Råd for perioden 2020-2023 på saklista. Representantskapsmøtet blei samtidig oppmoda om å kome med framlegg til kandidatar til valnemnda. Frist for å kome med framlegg blei satt til kl. 13.45.

Vedtak: Saklista blei godkjent, med val av valnemnd som ny sak 11.

Sak 4 Godkjenning av utsendingane sine stemmerettar

Ordstyraren gjennomførte namneopprop. Komplett deltararliste følgjer protokollen. Det blei foreslått å gi tale- og røysterett til dei 24 deltarane som var til stade ved namneopprop, og talerett til representantane frå senteret, Rådet samt gjestane.

Vedtak : Møtet blei satt med 24 utsendingar med tale- og røysterett.
I tillegg 23 personar med talerett.

Sak 5 Val av komité til redigering av resolusjonar

Ordstyraren presenterte Rådet sitt forslag til komité. Møtet sluttet seg til dette.

Vedtak: Tellef Kvifte og Torbjørn Bergwitz Lauen blei valt som komité for redigering av resolusjonar.

Sak 6 Rådets arbeidsplan 2018

Representantskapsmøtet blei i denne saka presentert for ulike temaer i Rådets arbeidsplan for 2018. Arbeidsplanen skulle ikkje opp til formell handsaming på representantskapsmøtet, men Rådet ønskete å både informere representantskapsmøtet om ulike prosessar, og skape debatt rundt utvalte temaer.

Kjærsti Gangsø frå Rådet innleidde til denne saka, og første tema var «Tilskotsordningane.» Gangsø introduserte Åse Vigdis Festervoll, som er leidg inn for å evaluere Rådets støtteordningar. Festervoll orienterte om arbeidet sitt, og representantskapsmøtet fekk høve til å stille spørsmål og kome med innspel til arbeidet.

Denne bolken blei etterfølgt av ein debatt med tema «kultur og rammevilkår.» Øystein Vidar Strand frå Kulturdepartementet innleidde til denne debatten, som blei følgje opp av ein paneldebatt med Ellen Persvold (Jørn Hilme-stemnet), Mette Vårdal (Noregs Ungdomslag), Anne Tone Hageland (Vest-Ager fylkeskommune), Hilde Bjørkum (Førdefestivalen) og Terje Foshaug (Folkemusikk Nord). Moderator var Ida Habbestad frå Rådet.

Etter ein kort kaffipause var det klart for neste tema, som var «arkiv.» Rådsleiaren innleidde til dette temaet, ved å introdusere nasjonalbibliotekar Aslak Sira Myhre, som heldt ei innleiing. Denne blei følgje opp med ein paneldebatt mellom Liv Ramskjær (Museumsforbundet), Kjetil Landrog (Arkivforbundet), Per Olav Torgnesskar (Kulturrådet), Tellef Kvifte (Rådet) og Aslak Sira Myhre (Nasjonalbiblioteket). Moderator var Ole Aastad Bråten frå Rådet.

Det blei ikkje gjort vedtak i saka.

Sak 7 Resolusjon

Som ei innleiing til Rådet sitt forslag til resolusjon, var musikarane Isak Bergström og Guro Kvifte Nesheim invitert til å fortelje om korleis nettverket «Folkmusiker mot rasisme» arbeidde i Sverige, for å ta avstand frå dei nasjonalistiske rørslene som har forsøkt å utnytte folkekulturen for eigne politiske føremål. Det blei opna for ein samtale med utsendingane etter innleiinga.

Rådet presenterte deretter forslag til resolusjon med tema «Status Sverige.» Representantskapsmøtet sluttet seg til denne.

Vedtak: Representantskapsmøtet vedtok forslaget til fråsegn tema «Status Sverige.»

Sak 8 Årsmelding og arbeidet i Stiftinga 2017

Styreleiar i Stiftinga for folkemusikk og folkedans orienterte om arbeidet i stiftinga i 2017.

Vedtak: Tatt til orientering.

Sak 9 Rådets forslag til Stiftingas budsjettsøknad til Kulturdepartementet for 2019

Styreleiar i Stiftinga for folkemusikk og folkedans orienterte om innhaldet i søknaden om statstilskot for 2019, som blei sendt i mars. Rådet kom med innspel til søknaden i framkant, og styret tok desse innspela med i søknaden.

Vedtak: Tatt til orientering.

Sak 10 Tid og stad for Representantskapsmøte i 2019

Representantskapsmøtet 2019 blir halde i første kvartal.

Vedtak: Tatt til orientering.

Sak 11 Val av valkomité

Rådet presenterte forslag til valkomité, som skal innstille på val av Råd for perioden 2020-2023 på neste representantskapsmøtet.

Vedtak: Som valkomiteé blir følgjande personar valt:
Håvard Ims, Jo Asgeir Lie og Astrid Nora Ressem.

Møtet blei avslutta kl. 16.30.

Eli Ulvestad

Eli Ulvestad,
referent

Linda Dyrnes

Linda Dyrnes
Protokollunderskrivar

Terje Foshaug

Terje Foshaug
Protokollunderskrivar